



Allmenne føresegner for Dei heilage tre dagane – skjærtorsdag, langfredag og påskennatt

1. Påskan er den viktigaste av dei tre store høgtidene i kyrkjeåret, og har sin særeigne dramaturgi i gudstenestelivet i kyrkjelydane. Ein går her ut frå at dette blir lagt til grunn for den planen kyrkjelydane har for gudstenestene i den stille veka.
2. Høgtidsgudstenesta på første påskedag er det naturlige høgdepunktet i påskefeiringa. Alle kyrkjelydane bør ha høve til å feire høgtidsgudsteneste denne dagen eller på andre påskedag eller unntaksvis på den påfølgande søndagen.
3. Dei tre dagane skjærtorsdag, langfredag og påskeaftan/påskennatt er ein opptakt til første påskedag, og dei utgjer ei heilskapleg liturgisk ramme rundt påskens drama. Der det er mogleg, bør kyrkjelyden få høve til å feire alle disse tre gudstenestene, men kvar gudsteneste kan også bli feira for seg. Fleire kyrkjelydar kan gå saman om en felles heilskapleg feiring.
4. Der ei eller fleire av dei tre gudstenestene er i bruk, vedtek soknerådet ei lokal grunnordning for forma på skjærtorsdag, langfredag og påskeaftan/påskennatt og samanhengen mellom dei. Ordninga supplerer grunnordninga for hovudgudstenesta, og følgjer same vedtaksprosess.

Soknerådet avgjer:

 - a. Om det skal være eit måltid i samband med gudstenesta skjærtorsdag
 - b. Om fotvasking skal inngå i skjærtorsdagsgudstenesta
 - c. Om det skal bli brukt røykelse på påskennatt
5. I kyrkjelydar der ein ikkje finn ressursar til å feire meir enn éi gudsteneste i løpet av den stille veka og påskan, kan soknerådet vedta ei lokal ordning for ei «samlegudsteneste» for denne perioden.